

Moderniseringsdep. v/statsråd Morten A. Meier
Moderniseringsdep. e-post: postmottak@mod.dep.no
Postboks 8004 dep
0030 OSLO

MODERNISERINGSDEPARTEMENTET
ARKIVKODE 45
29 JUNI 2005
SAKSB. KPA -
SAKSNR. 200501325 - 63

Dykkar ref.:

Vår ref.: 05/341-2/05/6394

Arkiv: N-038.01 Dato: 28.06.05

HØYRINGSBREV - ENDRINGAR I REGELVERKET FOR OFFENTLEGE ANSKAFFELSER

Uttale Sveio kommune.

På kartet er Sveio kommune i Sunnhordland heilt sør i Hordaland ved grensa til Rogaland. Næraste naboar er Rogalandskommunane Haugesund og Tysvær.

For rundt 10 år sidan vart Sveio kommune del av Innkjøpsamarbeidet på Haugalandet som i dag er eit innkjøpsamarbeid mellom 8 Rogaland- og 2 Hordalandkommunar. Dette innkjøpsamarbeidet har dei seinare åra i tillegg hatt eit nært samarbeid med Interkommunalt innkjøpsforum for kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Tysnes.

Til saman har disse 15 kommunane ca 155.000 innbyggjarar og står for store innkjøp.

Sveio kommune har stor nytte av dette samarbeidet, men ønskjer som mange andre, utbydarar som tilbydarar, at regelverket for offentlege anskaffelser må forenklast.

Målet ved forenklinga må vera å minske arbeidet for utbydar, og gi leverandøren muligheit til å være innovativ - nyskapande og stimulere til å gi tilbod - skape positiv motivasjon.

Sveio kommune ønskjer kommentere følgjande endringsforslag i høringa:

1) HEVING AV NASJONAL TERSKELVERDI FRÅ kr. 200.000 til kr 500.000.

Heving av nasjonal terskelverdi frå kr 200.000 til kr. 500.000 er eit steg i rett retning. Utgangspunktet for arbeidet med revidering av regelverket er ei tilpassing til EU sine direktiver. Det må vurderast om me har behov for nasjonale særreglar for innkjøp. Slik forskriftene er i dag er dei med og kompliserar regelverket som igjen medfører forsterka byråkrati.

Sveio kommune meiner:

den nasjonale terskelverdi endrast frå kr 200.000 til kr. 500.000.

Postadresse:	Telefon:	Telefaks:	Org.nr.:	Bankgiro:	E-post:
Postboks 40	53 74 80 00	53 74 80 01	864967272	3506 07 10323	postmottak@sveio.kommune.no
5559 Sveio					

2) ANBUDPROTOKOLL VED ALLE KJØP OVER KR 50.000

I gjeldande regelverk følgjer krav om anskaffelsesprotokoll der nasjonal terskelverdi kr 200.000. Forslag om å setje denne ned til kr. 50.000 bryter etter vårt skjønnsintensjonane om forenkling, og kan gi ei motsatt verknad til oppbygging av meir byråkrati – meirarbeid - meirkostnad.

Sveio kommune meiner:

at plikt til anbudsprotokoll må følgje nasjonal terskelverdi dvs. kr 500.000 jmf. pkt 1.

3) ELEKTRONISKE OG SKRIFTELEGE ANSKAFFELSER SKAL LIKESTILLES (NETTKJØP)

Det er endringar i EU sitt direktiv me skal forsøkja tilpasse lov/forskrifter. Ei av hovudpunkta i det nye EU-direktivet er nettopp at elektroniske innkjøpsprosessar sidestilles med tradisjonelle anskaffelse metodar.

Det er ikkje nokon tvil om at dette er ein del av framtida som me må opne - fôrhalde oss til.

Kor vidt me i Noreg i dag har eit lovverk – forskrift som gir opning for dette stilles det spørsmål ved. Dette må i alle høve vere på plass før endringa blir sett i verk.

Sveio kommune meiner:

elektroniske og skriftlege anskaffelser må likestilles så snart lover og forskrifter blir endra i forhold for dette.

4) KUNNGJERINGSPLIKT FOR ANSKAFFELSER OVER KR. 50.000.

Å lovfeste kunngjeringsplikt for alle anskaffelser over kr. 50.000 bryter etter vårt skjønnsintensjonane om forenkling og gir ei motsatt verknad til oppbygging av byråkrati – meirarbeid - meirkostnad.

Sveio kommune meiner:

kjøp under nasjonal terskelverdi kan ein foreta direkte etter pristilbod frå minst tre leverandørar.

5) SANKSJONAR – ULOVLIGE DIREKTE ANSKAFFELSER, GEBYR MOT ULOVLIG ANSKAFFELSER:

Dette forslaget må vurderast grundig. Myndigheit til å gi gebyr ligg det forslag om å gi KOFA (klageorganet for offentlige anskaffelser).

KOFA har til nå vært rådgivande i tvistesaker, og må fortsatt vera eit upartisk organ.

I den grad me har behov for etterforskning – domsrettergang er det politimyndigheit – domstolane som må ta seg av dette. Me ønskjer ikkje eit nytt rettsorgan, KOFA, med fullmakt til å utsteda gebyr.

Sveio kommune meiner:

at vi ikkje skal få eit nytt organ med "straffemyndigheit". Saker må følgje rettssystemet Noreg har bygd opp slik det er i dag.

6) KLAGER PÅ OFFENTLEGE ANSKAFFELSER

Det ligg forslag til at kven som helst får høve til å klage på vedtak på offentlige anskaffelser sjølv om ein ikkje er "part" i saka. Etter vårt skjønnsintensjonane er dette eit forslag som aldri må bli vedtatt. Det må heller presiserast i regelverket at det er ein fôrutsetning for klage at ein er direkte part i saka.

Sveio kommune meiner:

at kun parter i saka skal ha adgang til å klage.

7) DET SKAL IKKJE LENGRE KREVES GEBYR FOR KLAGER PÅ OFFENTLEGE ANSKAFFELSER

Gebyret for klage til KOFA er i dag kr. 855,-, eit svært beskjeden beløp.

Ved å fjerne dette gebyret og samstundes opne for alles rett til å klage, utan å vera direkte part i saka, skaper me eit system kor systemet sjølv oppfordrar til klager utifrå forskjellige agenda.

Forslaget vil skape eit stort byråkrati. Det mest alvorlige er likevel at dette kan få direkte uheldige verknader mot våre seriøse leverandørar og fjerna deira oppmerksomhet og interesse bort frå offentlig anbodsgiving.

Utvida klagetilgang kan også bli meir sårbar for lekkasjar av interne bedriftshemmeligheter og slik tilbakehalde tilbod frå gode leverandørar.

Klage må skje frå direkte part i saka kor nøytral instans vurderer om det er tatt rett avgjerd etter lov - forskrift – anbodsdokument.

Klagars oppfatning av feilbehandling må vera så sterk at denne er villig til å betale gebyr for å få saka etterprøvd.

For å skape tillit til lov/forskrifter – forenkle systemet – begrense antall klager til dei som er reelle, føreslår me at gebyret blir betydelig høgare enn dagens gebyr, anslagsvis kr 20.000.

Formålet med dette er å skilje mellom reelle og spekulative klager.

For klager som får medhald i KOFA blir innbetalt gebyr refundert.

Sveio kommune meiner:

dagens klagegebyr til KOFA blir satt opp frå kr 855,- til kr 20.000-. Klagar som får medhald i KOFA får innbetalt gebyr refundert.

8) "UTGANGSPUNKTET FOR ARBEIDET MED Å REVIDERE REGELVERKET HAR VÆRT"...

a...."implementere et nytt innkjøpsdirektiv fra EU".....

b...."få mer igjen av offentlige ressurser gjennom økt konkurranse".....

c...."forenkle deler av regelverket".....

d...."gjøre det mer tilgjengelig for brukerne".....


a nasjonal terskelverdi settes kr. 500.000 – vurdere behov for nasjonale særreglar

b fleire av endringsforslaga vil motarbeide dette og i staden krevje meir ressursar til meirarbeid – større byråkrati og høgare anbodskostnader

c forenklinga i regelverket synest minimalt for den vanlige brukar. Forenklinga må føre til at det blir mindre behov for tolkingar av rådgivarar - juristar. Lukkast ikkje dette, vil det føre til auka transaksjonskostnadar ved anskaffelser innanfor offentlig sektor.

d leggje til rette for og brukte den teknologi som kan forsvarast og er tenleg.

**Med helsing
Sveio kommune**

Heidi S. Lyngholm

økonomisjef

Olav Hørgen

innkjøpskonsulent